

Ordensreglement for Stiftinga Tuddal Montessoriskule



Privatskolelova seier fylgjande om skulen sitt ordensreglement og liknande (§3-9):

«Kvar skole skal ha eit reglement med reglar om elevane sine rettar og plikter så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Reglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast. Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising eller tap av rettar, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.»

Elevanes retter og plikter:

1. Elevar har rett og plikt til å møte på skulen og delta i den planlagde undervisninga kvar dag, med mindre det føreligg gyldig grunn til fråvær (sjukdom eller innvilga permisjon).

Ved sjukdom skal skulen kontaktast på telefon før undervisninga tek til for dagen. Elevane skal haldast heime frå skulen til dei er smitte- og symptomfrie.

2. Søknad om permisjon skal sendast skulen skriftleg. Søknad om fri meir enn éin dag skal sendast/leverast skulen i eige brev. Skulen kan ikkje innvilge permisjon i meir enn 14 dagar. Rektor fattar vedtak om permisjon. Elevar som er bortreist samanhengande meir enn 14 dagar må meldast ut av skulen og meldast inn når dei returnerer. Føresette har ansvar for opplæringa i denne perioden.
3. Elevar pliktar å møte presis til undervisninga.
4. Elevar kan berre forlate skulen sitt område i skuletida etter avtale med lærar.
5. Elevar pliktar å respektere og fylgje dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer og rutinar som vert nytta i skulen si daglege verksemd.
6. Elevar og vaksne må vise respekt ovanfor medelevar, lærarar, andre tilsette og føresette, og opptre omsynsfullt og hjelpsam.
7. Elevar skal bidra til å halde ro og orden på skulen sine område.
8. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, jf. opplæringslova § 9A-3.

9. Elevar skal handsame skulen sitt undervisningsmateriell, inventar, skulebygg og gjenstandar på areala ute med varsemd. Hærverk og øydeleggingar er ikkje tillate.
10. Elevar skal respektere medelevar sine eigedelar.
11. Mobiltelefonar, mobilklokker, nettbrett og liknande skal vera avslått og liggje i sekken dersom ikkje anna er avtalt med læraren.
12. Den som gjer skade på noko, må seie i frå til ein vaksen.
13. Elevar kan berre ha med godteri og/eller brus på skulen ved særskilde høve og etter avtale med lærar.
14. Det er ikkje tillate å bruke tobakk, alkohol eller andre rusmiddel på skuleområdet eller ved arrangement som skulen står for.
15. Det er forbode å ha med seg farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område.
16. Det er ikkje tillate å nytte skulen sitt internett til å laste ned, lese eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som kan oppfattast som krenkjande, eller som er i strid med norsk lov.
17. Elevar skal unngå farleg eller valdsam leik. Det er skulen sitt personale som til ei kvar tid avgjer kva leikar som er tillate.
18. Ordensreglementet gjeld for skuletida, tilsynstida, på skulevegen og for arrangement i skulen sin regi.

Konsekvensar for brot på reglementet:

19. Brot på dette reglementet vil resultere i relevante reaksjonar mot eleven. Om naudsynt set skulen i verk refsingstiltak. Verkemiddelet skal stå i forhold til brotet sin karakter, med sikte på å skape eit trygt og føreseieleg skulemiljø. Eleven skal ha høve til å forklare seg. Skulen skal også vurdere trong og moglegheit for alternative tiltak, til dømes hjelpetiltak og/eller individuell skriftleg avtale, eller kontakt med hjelpeinstansar, til dømes PPT.

Fylgjande verkemidlar kan nyttast:

20. Samtale med læraren med sikte på rettleiing, eventuelt for å oppklare kva som er skjedd og kvifor det skjedde.
21. Mekling mellom ulike partar i ein konflikt, med sikte på fredeleg konfliktløysing.
22. Rektor/lærar kan ta eleven/elevane til side eller ut av gruppa for å drøfte situasjonen slik at det kan skapast ei felles forståing for kvifor situasjonen oppstod, korleis denne burde vore løyst og kva ein kan gjere for at slikt ikkje oppstår igjen.
23. Innskrenking av privilegium, til dømes val av arbeidsplass, val av arbeid og aktivitet, val av arbeidsmetode, val av arbeidsplan, eller val av arbeidskameratar.
24. Føresette kan informerast per telefon, eller i eige brev.

25. Føresette kan kallast inn til konferanse i høve til eleven sin situasjon.
26. Farlege gjenstandar, rusmiddel/ tobakk vert beslaglagt og foreldra vert kontakta.
27. Straffbare forhold vert melde til politiet.
28. Elevar som rotar til eller øydelegg noko, må rydde og vaske etter seg, eventuelt reparere øydelagde ting. I spesielle tilfelle kan det verte reist krav om erstatning frå føresette. For skadar elevar utfører på medelevar sine eigedelar, må føresette sjølv krevje erstatning av skadevaldar sine føresette.
29. Ved påstått eller observert mobbing pliktar dei involverte å fylgje skulen sin antimobbepplan. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.
30. Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9A-4.
31. Dersom ein elev alvorleg eller fleire gongar bryt skulen sitt ordensreglement, kan eleven visast bort frå undervisninga. Eleven kan visast bort frå enkelttimar eller for resten av dagen. Rektor vedtek bortvisinga etter å ha rådført seg med lærarane. Føresette skal varslast før bortvising blir sett i verk, jf. privatskolelova § 3-10.
32. Ein elev kan i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak, jf. opplæringslova § 8-1.
33. Bortvising av elevar er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, som kan klagast på til fylkesmannen.

34. Endringslogg

Ordensreglementet er:

Vedtatt i styremøte 26.1.2018.

Sist endra i styremøte 21.12.2023.